

Ålesund kommune
Serviceboks 1521
6025 Ålesund

02.06.2020

postmottak@alesund.kommune.no

ID 20/8123

Merknader til høyring av framlegg til planprogram for samfunnsdelen kommuneplan Ålesund kommune

Vi viser til at formannskapet i møte av 14.2.2020 gjorde vedtak om oppstart av planarbeid og offentlig høyring av forslag til planprogram for kommuneplan – samfunnsdelen.

Planprogrammet skal visa korleis prosessen i kommunen er tenkt gjennomført for at ein skal koma fram til ein ferdig samfunnsdel av kommuneplanen. Målet med planprogrammet er å leggja til rette for ein open diskusjon om kva premisser og rammer som skal vera styrande for planarbeidet og kva utredningar som skal lagast. Planprogrammet skal som minimum omfatta fem hovdepunkt: 1)Omtale av målet med planarbeidet. 2)Informasjon om planprosessen med fristar og deltakarar. 3)Opplegg for medverknad. 4)Omtale av kva alternativ som vil bli vurdert. 5)Kva utgreiingar som trengst.

Våre merknader

-Vi oppfattar framlegget som bra på ein del punkt og som mangelfullt på nokre punkt. Den beskrivande delen med omtale av formål og grunnlag synest å vera bra. For øvrig synest framlegget å vera litt vagt og mangelfullt, noko som i neste omgang kan vera eit dårleg utgangspunkt for prosess, dialog og diskusjon.

-Vi synest at framlegget til planprogram på ein bra måte viser korleis berekraftsmåla blir inkludert som eit rammeverk for verksemda. Vi saknar imidlertid ein plan for korleis konflikta mellom berekraftig miljø og vekstkraftig samfunn kan løysast.

-Samfunnsdelen av kommuneplanen skal vera grunnlag og utgangspunkt for arealdelen. Vi meiner at planprogrammet i for liten grad legg til rette for å drøfta verkemidlar for å få til ei optimalisert og berekraftig arealforvaltning i lys av dei utfordringar vi har knytt til klima, matproduksjon og levande lokalsamfunn.

-Vi forventar at den nye kommuneplanen vil samordna arealforvaltninga i storkommunen. I så måte reknar vi med at det samla utbyggingsarealet i den nye storkommunen vil bli mindre enn summen av utbyggingsareal i dei «gamle» kommunane, slik at dyrka og dyrkbart areal totalt sett / i større grad blir tatt vare på i den nye kommunen. Vi saknar ein plan for korleis dette kan realiserast/gjennomførast.

-Vi viser også til vår uttale til Planprogram – Klima-, areal- og transportplan for Ålesundsregionen. (Vedlagt.)

-Det må utarbeidast ein Landbruksplan for Ålesund, med hovedvekt på å sikra drift og ivaretaking av dyrka og dyrkbart areal.

Kommentarar til grunnlag for planarbeidet

Vi vil gjerne minna om følgjande:

1)Regionalt jordvernsmål

Vi erfarer at det ofte blir tatt for lett på utfordringa som ligg i å unngå nedbygging av dyrka og dyrkbart areal. Nedbygging av areal er langt på veg ein irreversibel prosess og ei stor utfordring både internasjonalt, nasjonalt og lokalt. I 2015 vedtok Stortinget *nasjonal jordvernstrategi*, der målsetjinga er at det ikkje skal omdisponerast meir enn 4000 da pr år på landsplan. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i 2017 *Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017 – 2021*, der det heiter at Møre og Romsdal som minstemål må ta sin relative andel av dette, med ca 200 da pr år.

2)Nasjonal jordvernstrategi

Vi viser til brev frå landbruks- og matministeren til kommunane av 1.10.2018.

Her blir det m.a. vist til *revidert nasjonal jordvernstrategi*, der målet er at omdisponeringa av dyrka jord må ytterlegare reduserast. Vidare heiter det m.a. at *landbrukets arealressursar generelt må sikrast* og at det må gjerast konkrete vurderingar i forhold til jordvern i kvar regulerings sak. Det må m.a. gjerast vurderingar i forhold til verdi, konsekvensar og overordna planar.

3) Ingen automatikk i utviding av eksisterande utbygd areal

Fleire stader er det klar konflikt mellom jordvern og andre samfunnsomsyn, t.d. bustadføre mål. Vi vil i denne samanhengen peika på at det ikkje må vera automatikk i at eksisterande bustadareal skal kunne utvidast. Vi vil særleg peika på at ein del eksisterande bustadområde ikkje burde ha blitt utbygd. Då vil det vera heilt feil å halda fram med denne utbygginga. Det er viktig å vurdere langsiktige og indirekte verknader for arealbruk og klima dersom det vert opna for utbygging.

4)Matjord er verna

Gjennom Jordlova, og ikkje minst i dagens diskusjon om miljø og klima, vert det lagt stor vekt på at dyrka og dyrkbart areal er ein ressurs for matproduksjon og miljø for framtidige generasjonar. I den lokale diskusjonen om arealbruk vert det imidlertid ofte trekt fram argument som t.d. at jord ikkje blir hausta eller at situasjonen til dei som eig jorda tilseier at jorda bør kunne takast i bruk til andre formål. Til dette må vi klart understreka at matjord er verna og skal vera ein mat- og klimaressurs for framtidige generasjonar. Eigardforhold og personleg situasjon skal ikkje takast i betraktning i planleggingsprosessar.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen